



Sunnfjord  
kommune

# Vurdering av strukturtiltak

## Tiltak I – Hafstad ungdomsskule



# Innhold

<b>Tiltak I – Hafstad ungdomsskule</b> .....	<b>3</b>
Beskriving av tiltak.....	3
Geografi og elevtalsutvikling .....	3
Andre alternativ som kan vurderast.....	6
Kapasitet barnesteg .....	7
Kapasitet ungdomssteg.....	7
<b>Konsekvensar</b> .....	<b>9</b>
Økonomisk effekt.....	9
Skuleskyss .....	10
Konsekvensar for elevane .....	14
Fagmiljø og læringsutbytte.....	14
Klassestorleik og læringsmiljø .....	14
Elevmiljø og trivsel .....	15
Overgangar og kontinuitet.....	15
Fellesaktivitetar og identitet.....	15
Konsekvensar for tilsette .....	15
Konsekvensar for lokalsamfunnet.....	16
<b>Effekt- og konsekvensmatrise</b> .....	<b>17</b>
<b>Konklusjon</b> .....	<b>18</b>

# Tiltak I – Hafstad ungdomsskule

Tiltaket består av følgende aktivitetar:

- Førde barneskule vert lagt ned, elevar fordelt mellom Slåtten og Halbrend skular.
- Flatene skule blir lagt ned, og elevane vert flytta til Halbrend skule, som blir ny 1.-7.-skule.
- Fusk blir verande i dagens skulebygg.
- Ungdomsskuleelevane frå Vassenden, Viksdalen, Naustdal og Halbrend skular vert flytta til skulebygget på Hafstad og utgjer Hafstad ungdomsskule.

I tiltaket er det fire «tilleggsalternativ» som er omtalt og kan vurderast i kombinasjon med tiltaket:

1. Fordele ungdomsskuleelevane i Førde sentrum etter ny eller gamal kringsgrense (deling av Førde barneskule mellom Slåtten og Halbrend).
2. Viksdalen skule sitt ungdomssteg vert flytta til Sande skule.
3. Kringsgrensejusteringa i tiltak E, der Ålhus blir ein del av Skei skulekrins.
4. FUSK, Vassenden og Viksdalen og Naustdal på Hafstad, og Halbrend som 1.-10.skule?
5. Flytte delar av vaksenopplæring og integrering inn på FUSK

Start | Haust 2026

## Beskriving av tiltak

### Geografi og elevtalsutvikling


Tiltaket skisserer ei større om-rokking i skulestrukturen som vedgår store delar av kommunen.

#### **Barnetrinnet:**


For barnetrinnet er dette tiltaket identisk med Tiltak A, med alternativ 1. Det betyr at vi reduserer med to barneskular i Førde sentrum - Flatene og Førde.

Tiltaket inneber òg ei kringsgrensejustering, der Førde barneskule sin skulekrins vert fordelt mellom Slåtten og Halbrend. Detaljar kring ny kringsgrense er omtalt nærare i dokumentet «Tiltak A – Heile Førde ungdomsskule».

For barneskulane ser utviklinga slik ut med gjeldande skulestruktur:




Ved å legge ned Førde barneskule og Flatene skule, med kringsgrensejustering, vil elevtalsutviklinga sjå slik ut i dei to skulekrinsane.




## Ungdomstrinnet

Dette tiltaket bringer fram ei rekke nye moment i høve ungdomsskulestrukturen i kommunen.

Dersom vi legg til grunn den nye kringsrensa i Førde sentrum slik at Førde ungdomsskule får elevar frå «nye Slåtten krins» ser elevtalsutviklinga slik ut:




På Hafstad ungdomsskule vil det vere elevar frå Vassenden, Halbrend, Naustdal og Viksdalen. Om ein då ser på elevtalsutviklinga med same kringsrense i Førde sentrum ser det slik ut:



Med denne fordelinga av elevar vil Førde ungdomsskule ha om lag 80 færre elevar enn i dag hausten 26. Det betyr at ein ikkje får utnytta kapasiteten på bygget til Førde ungdomsskule, samtidig som det opnar for å sjå på andre moglegheiter i bygget. På same tid blir det utfordringar på Hafstad VGS-bygget, der ein hausten 2026 vil oppleve å ha 65 elevar meir enn kapasiteten rapporten frå Norconsult har greia ut.

Alternativt kan ein bruke kringsgrensene i sentrum slik dei er i dag for ungdomsskuleelevane. Det vil bety at Førde ungdomsskule hentar elevar frå dagens Førde barneskule-krins og Slåtten-krins. I praksis vil elevar som då har gått på 1.-7. på Halbrend skule få oppstart på to ulike ungdomsskular.

Med denne løysinga vil elevane fordele seg slik på dei to ungdomskulane:



Med denne fordelinga får ein hausten 2026 ei betre elevtalsfordeling mellom dei to skulebygga. Vi unngår å maksimere kapasiteten på Hafstad VGS-bygget til eit kritisk nivå, og Førde ungdomsskule vil og bruke meir av sin kapasitet. Denne fordelinga gir også rom til å handtere ei eventuell vekst i elevmassen i sentrum.

### Andre alternativ som kan vurderast


Om ein vurderer eit alternativ der vi ikkje flyttar ungdomssteget frå Naustdal skule, vil vi kunne sjå på fleire alternativ for å få ei jamnare fordeling av elevmassen på dei to ungdomsskulane. Ein kan også sjå om det er mogleg å flytte vaksenopplæringa inn på Førde ungdomsskule-bygget saman med ungdomsskulen, og på den måten utnytte både bygningsmasse og personalet meir effektivt.

Det er også eit alternativ å vurdere å flytte ungdomssteget på Viksdalen skule til Sande, for å redusere reisetida inn til Førde. Det vil medføre bussreise på rasutsett veg, som er nærare omtalt i tiltak B.

Det er òg eit alternativ å justere kringsgrensa mellom Vassenden og Skei skulekrinsar, slik som omtalt i tiltak E, slik at dei får kortare reiseveg.

Eit anna alternativ som vi og vel å skissere er å la ungdomssteget på Halbrend bestå, og flytte Førde ungdomsskule til Hafstad VGS-bygget saman med Naustdal,

Vassenden og Viksdalen sine ungdomssteg. Då vil elevtalsutviklinga sjå slik ut for elevar på Hafstad VGS-bygget:



I denne framstillinga vil elevar frå Sunde, Holsen og Haukedalen framleis krinse til Halbrend, og det er tatt utgangspunkt i dagens kringsgrenser for Førde ungdomsskule (Førde barneskule og Slåtten skule). I dette alternativet kan ein som i tiltak A bruke Førde ungdomsskule sitt bygg til andre tenester, eller oppretthalde Førde barneskule.

### Kapasitet barnesteg

Med nedlegging av Førde barneskule, og omorganisering av Halbrend skule til å bli ein rein 1.-7.-skule aukar ein elevmassen på Slåtten betrakteleg.

På Halbrend skule er det 19 klasserom. Det gir kapasitet på 475 elevar dersom vi har 25 elevar i kvart klasserom. Godt innafor med begge alternativ for kringsgrense, og med betydeleg overkapasitet dersom ein held fram drift på Flatene.

På Slåtten skule er det 21 klasserom, der eitt av dei er mindre eigna. Dette gir ein kapasitet på maksimalt 500 elevar dersom vi har 25 elevar i kvart klasserom. Det er trengsel på spesialrom som grupperom og gymsal med dagens elevtal på 413, og skulen melder om behov for areal til arbeidsplassar for lærarane. Dette vil bli ei større utfordring ved enda høgare elevtal.

Dersom Slåtten skule skal kunne ta i mot elevar frå Førde barneskule sin krins må det påreknast investeringar for å dekke behov for spesialrom og kontorplassar.

### Kapasitet ungdomssteg

Rapport utarbeidd av Norconsult i 2022 var svar på ei bestilling der vi ville ha svar på om Hafstad VGS-bygget kunne huse 480 grunnskuleelevar. 480 elevar utgjer 16 klassar på 30. Bygget har i dag 22 klasserom, men nokon av desse må oftast for å få tilfredsstillande areal på spesialrom. I alternativ A i denne rapporten er det tilgjengeleg 18 klasserom, og det er ikkje vurdert om det er plass til enda fleire då bestillinga var avgrensa til maksimalt 480 elevar.

På Førde ungdomsskule er det 15 klasserom, og bygget har dermed ein makskapasitet på 450 elevar. Delar av bygget er nytt etter brannen i oktober 2022.

Ved å samle så mange ungdomsskuleelevar i Førde sentrum vil det bli ei auke i tal elevar som skal ha kroppsøving i Førdehuset. Før Førde VGS vart bygd disponerte Hafstad VGS to delar av hallen, og Førde ungdomsskule og barneskule delte på ein del. Hafstad VGS hadde opp i mot 500 elevar. Vidaregåandeelevar har færre timar kroppsøving enn elevar i grunnskulen har i sin timetalsfordeling. I dette tiltaket vil Førde barneskule sitt behov for hallen gå ut, slik at vi står att med 736 ungdomsskuleelevar hausten 2026 med behov for tilgang til hall. Dette vil truleg utgjere om lag 30 klassar (25 i kvar klasse). I fag og timefordelinga for ungdomssteget vil ein klasse i snitt ha 2 klokketimar kroppsøving i veka på ungdomssteget, som gir 60 timar. Fordelt på dei tre hallane, og fem dagar i veka vil det vere behov for 4 timar undervisning kvar dag i kvar del av hallen. Det er altså god kapasitet til denne elevmassen.



# Konsekvensar

## Økonomisk effekt

Vi får ikkje effekt av dette tiltaket før siste halvdel av 2026, altså full effekt i 2027. Vi ser for oss følgande effektar:

- Reduksjon i leiingsressurs
- Effektivisering av drift (stordriftsfordelar)
  - Reduksjon i andre kommunale årsverk (merkantil, bibliotekar osv.)
  - Meir effektiv avvikling av valfag og språkfag
- Reduksjon i tal skulebygg.
- Auke i elevar med behov for skuleskyss
- Auka investeringsbehov for å tilpasse skulebygg.

Utrekninga under legg til grunn at ungdomsskulane hentar elevar etter dagens kringsgrenser. Det betyr at Førde ungdomsskule hentar elevar frå Førde og Slåtten skulekrins, uavhengig om elevane i Førde krins har gått på Slåtten eller Halbrend.

	Budsjetår		Økonomiplanperiode			
	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Teneste 202			3 188	7 684	7 739	7 768
Bygg FBSK			1799	4318	4318	4318
Bygg Flatene			1851	4442	4442	4442
Bygg Vassenden USK			1839	4414	4414	4414
Auke i skuleskyss			-315	-756	-756	-756
Tilskot pr. grunnskule*			-1126	-1126	-1126	-1126
Samla innsparing			7 236	18 927	19 031	19 060

\* Gitt at ordninga frå dagens regjering vert vidareført

I tillegg til utslaga i tabellen over vil tiltaket kunne redusere investeringar i økonomiplanen (2025-2028):

- 43 425 000 kr til ombygging av Førde ungdomsskule til barneskule
- Reduksjon i behov for utbetring av uteområde på Vassenden sitt ungdomssteg. Her ligg det inne 14,5 millionar kroner i økonomiplanperioden for alle skular.

Tiltaket vil generere eit investeringsbehov på Slåtten, Halbrend og Hafstad VGS. Det er ikkje gjort kalkuleringar på størrelsen av desse investeringar, utover rapporten frå Norconsult på Hafstad VGS- bygget, som allereie er inne i økonomiplanen. Det vil bli utarbeidd konkrete kalkylar for investeringsbehova når endeleg sak vert lagt fram etter høyringsperioden.

Ved å flytte ungdomsstega frå Naustdal og Viksdalen vil ein også kunne sjå reduksjon i behovet for reinhald og vedlikehald på skulebygga, då den samla elevmassen vert redusert på dei skulane.

## Skuleskyss


Ved å flytte ungdomsstega til Førde sentrum vil det bli ei auke i tal elevar med rett til skuleskyss.

Skule	Elevar med skyss i dag	Elevar med skyss H26	Auke
Naustdal	56	107	51
Vassenden	47	75	28
Viksdalen	11	16	5
<b>Auke i tal elevar med rett på skuleskyss</b>			<b>84</b>


Kostnaden for ei auke på 84 elevar med behov for skuleskyss vil utgjere 756 000 kroner årleg om ein legg til grunn dagens nivå som er 9000 kr pr. elev pr. år.

Tiltaket vil òg gi elevar lengre skuleveg. Eleven som vert hardest råka av lang reiseveg både i tid og avstand bur i Gaularfjellsvegen (Mjell) og får om lag 1 time og 30 min reisetid med avstand på 50,8 km. Om ungdomssteget i Viksdalen skal til Sande vil reisetida bli redusert med om lag ein halv time (Sjå tiltak B).

Hausten 2026 fordeler elevar som går på ungdomssteget seg slik på Gaularfjellsvegen.




Slik ser elevfordelinga ut om ein ser på alle barn født frå 2020 og fram til i dag.




Enkelte elevar i Naustdal vil òg få betydeleg reiseveg.

Det er omlag 42 km til Hafstad ungdomsskule frå Horne, og hausten 2026 fordeler elevar som går på ungdomssteget seg slik i Vevring:




Oversikta over alle barn født frå 2009, og fram til i dag, gir følgande fordeling:




Elevar som bur på Horne har i dag ei skulerute som skal ta 55 min inn til Naustdal skule. Det vil bli eit tillegg på 26 min i følge Skyss dersom bussen går til rutebilstasjonen. Ei skulerute vil køyre elevane til Førdehuset. Det er ikkje urimeleg å anta at reisetida for ein ungdomsskuleelev dermed vil vere opp i mot 85 min, dersom bussane er i rute. Det er i dag store utfordringar knytt til møtande trafikk på strekninga frå Vevring og inn til Naustdal som følgje av gruvedrift. Det skjer ofte at bussane er forsinka. Dette må takast med i vurderinga av reisetid og reiseveg for elevane.



Oppover Naustedalen fordeler ungdomsskuleelevane hausten 2026 seg slik:



Om ein ser på alle barn født frå 2009 og fram til i dag ser det slik ut:



Det tar i dag 41 min frå Nes til Naustdal skule, der avstanden er om lag 22 km. Til Hafstad ungdomsskule vil avstanden vere 35,5 km. Som med elevar frå Vevring kan vi rekne på 27 min på reisetida dei har i dag, og endar opp på 68 min.

## Konsekvensar for elevane

### Fagmiljø og læringsutbytte

Større skular kan tilby eit breiare spekter av valfag og spesialiserte undervisningstilbod, noko som kan auke elevane sin interesse og sikre fleire tilpassa tilbod. I dette tiltaket er det spesielt moglegheitene til samspel mellom Førde ungdomsskule og Hafstad ungdomsskule som er interessant å sjå nærare på:

- Å ha to reine ungdomsskular gir to store einingar høve til å spisse sitt utviklingsarbeid, og utfordre kvarande, med fokus på det som er spesielt for eit ungdomssteg.
- Skulane ligg geografisk nært kvarande, noko som gjer det mogleg å samarbeide om nøkkelpersonell som det er mangel på. Til dømes vil ein fransklærer kunne ha klassar på begge skulane, og på den måten sikre eit rikare tilbod til elevane på dei to skulane.
- Skulane kan samarbeide om valfag, noko som igjen kan bety at elevane får fleire fag å velje i, og dermed kan få eit fagtilbod som dei sjølv ynskjer, og dermed får betre høve til å meistre.
- Ein kan samarbeide på tvers av skulane for å utvikle ein god skule for elevar med særlege behov.
- Skulane kan gå saman om å investere i spesialutstyr, slik at elevane får tilgang til gode fasilitetar og utstyr i fag som krev slikt. Dette kan vere materiell knytt til teknologi, praktisk undervisning eller fysisk fostring, for å nemne noko.
- Skulane kan i større grad samhandle om profesjonsfagleg utvikling. Fellestid kan samordnast når dei tilsette jobbar med tema der dette er gunstig.
- Ved å samle ungdomsskulane i store einingar vil også dei «små faga» ha fleire lærarressursar, som igjen betyr at ein ikkje får ein skule med berre ein kunst og handverks-lærer, men fleire som kan jobbe med utviklingsarbeid saman.

Lang reiseveg for enkelte elevar vil kunne utfordre det faglege utbytte for desse elevane. Å ha lang reise til skulen vil påverke elevens moglegheit til å kvile. Ein sliten elev vil få dårlegare læringsutbytte.

### Klassestorleik og læringsmiljø

Med fordelinga mellom ungdomsskulane som er skissert vil ein få god utnytting av to store skulebygg. Vi vil ikkje som i tiltak A oppleve å maksimere kapasiteten på Hafstad VGS-bygget. Førdehuset som samlingspunkt, midt mellom skulane, vil kunne gi synergjar på både det sosiale og det faglege planet. Skulane kan mellom anna samhandle om ulike arrangement, til dømes innafor kultur og idrett, og på den måten utvikle eit fellesskap, og felles kultur, i den samla ungdomsgruppa.

Eit større skulemiljø gir moglegheit for fleksible læringsgrupper som styrkar den tilpassa opplæringa.

Det må også leggast til grunn at større miljø kan vere utfordrande for enkelte elevar, og bidra til svekking av tryggleikskjensla. Fleire elevar betyr og at vi i større grad greier å fylle opp klassar. Dette vil gi betre utnytting av ressursane, men i arbeidet

med kunnskapsgrunnlaget «Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen» kom det tydeleg fram frå både FAU og dei tilsette, at fulle klassar ikkje var til det beste for alle elevar.

### Elevmiljø og trivsel

Eit større elevtal gir meir variasjon i det sosiale miljøet, med fleire moglegheiter til å danne vennskap og styrke den sosiale dynamikken på skulen. Å samle ungdom i

Samtidig vil eit større miljø krevje tiltak mot mobbing og systematiske arbeid for å styrke sosial integrering. Her har skulane mykje gode erfaringar, som ved til dømes programmet «Draumeskulen», eller PALS.

Ein gjennomgang av internasjonale og norske studiar om kva skulestorleik betyr, konkluderer med at det er liten samanheng mellom skulestorleik og elevane si læring og trivsel når ein har teke omsyn til andre bakgrunnsvariablar ([UDIR](#)).

### Overgangar og kontinuitet

Behovet for skuleskyss vil auke ein god del med ny skulestruktur. Ei auke i 84 elevar som vil måtte nytte skuleskyss er betydeleg. Dette er elevar som i dag går eller sykklar til skulen, om dei ikkje blir køyrd av foreldre. Dette er òg uheldig i eit folkehelseperspektiv.

Elevar som går på Halbrend skule (1.-7.) vil bli fordelt til to ulike ungdomsskular. I overgangen til ungdomsskulen blir elevar som kjem frå ulike skular blanda i nye klassar. Dette betyr at ein sjølv om ein elev ikkje hamnar i klasse med alle medelevane frå 7. klasse, vil hen møte alle att på skulen likevel. Slik blir det ikkje for elevane i Førde barneskule sin krins, som går på Halbrend skule frå 1.-7. Elevane som blir delt mellom Hafstad ungdomsskule og Førde ungdomsskule vil likevel oppleve at dei skal gå på ungdomsskule med elevar frå sitt geografiske nærmiljø.

### Fellesaktivitetar og identitet

Samling av elevar og ressursar i ein større skule kan styrke fellesskapskjensla, gi større arrangement som skuleball, kulturkveldar og idrettsdagar, og byggje ein sterk skuleidentitet. Med ei felles samling av ungdom på ein sentrumsskule kan ein også utvikle tradisjonar og aktivitetar som fremjar fellesskap på tvers av bakgrunnar og interesser. Samla ressursar for tilbod som helsesjukepleiarar og miljøarbeidarar vil bidra til ein meir stabil og tilgjengeleg støtte for elevane når dei treng det.

### Konsekvensar for tilsette

For dei tilsette vil ei nedlegging av ungdomssteget på Vassenden, Naustdal og Viksdalen, og nedlegging av Førde barneskule og Flatene skule, føre til fleire omfattande endringar. Først og fremst vil fleire av lærarane og støttestaben miste arbeidsplassen sitt eige nærmiljø og måtte vurdere nye arbeidsstadar ved større skular i Førde sentrum eller andre delar av kommunen. Dette kan skape usikkerheit om vidare arbeid og føre til lengre pendlarveg for dei som vel å flytte med elevane til større skular. Pendling kan ha konsekvensar for kvardagslogistikken, arbeidsbelastninga og tidsbruk, noko som kan påverke både trivsel og motivasjon i jobben.

Ei nedlegging vil også ha innverknad på det faglege og sosiale arbeidsmiljøet. Dei tilsette på dei små skulane vil miste delar av fellesskapet og dei nære banda som ofte pregar mindre skular, der ein kjenner både kollegaer og elevar godt. For dei som vert flytta til større skular i sentrum, vil arbeidsmiljøet bli annleis, med fleire kollegaer og eit større profesjonsfellesskap, men samstundes kan det opplevast som mindre oversiktleg og personleg.

Å bli ein del av eit større arbeidsmiljø kan og gi tilsette betre forutsetningar med at dei har fleire kollegaer å samhandle med, både fagleg og sosialt.

## Konsekvensar for lokalsamfunnet

Fjerning av ungdomssteget frå fleire skular og samling av desse i sentrum kan ha store konsekvensar for lokalmiljøa både ute i bygdene og i sentrum. I distrikta kan ei slik endring svekke det lokale engasjementet kring skulen, som ofte fungerer som ein sosial og kulturell møteplass for heile bygda.

Skulen er ein viktig del av lokalsamfunnet, og når ungdommane må pendle til sentrum for å gå på skule, kan dette føre til redusert tilhøyr og engasjement i lokalsamfunnet. Samstundes kan ei sentralisering av ungdomsskuleelevane skape auka press på ressursar og kapasitet i sentrum, som til dømes transporttilbod, skuleanlegg og fritidstilbod. Det kan også endre dynamikken i lokalsamfunnet i sentrum, med fleire ungdommar på same plass, noko som både kan skape nye moglegheiter og utfordringar, som eit behov for meir differensierte fritidstilbod og auka tilsyn.

Aktivitetstilbod til ungdom i grendene kan få utfordringar med rekruttering dersom ungdommane blir att i Førde sentrum etter skuletid, og nyttar aktivitetar der. Til dømes kan idrettslag som Tambarskjelvar IL, Gaular IL og Jølster IL bli negativt påverka.



## Effekt- og konsekvensmatrise

Her skal du vurdere av effekten av tiltaket sett opp i mot konsekvensen av tiltaket. Tiltak med låg konsekvensen og høg effekt (grøne tiltak) bør gjennomførast før tiltak med høg konsekvens og låg effekt (røde tiltak).

		Effekt og konsekvens					
Høg	1	Konsekvens	1	2	3	4	5
	2		2	4	6	8	10
	3		3	6	9	12	15
	4		4	8	12	16	20
Låg	5		5	10	15	20	25
		Effekt					
		1	2	3	4	5	
		Låg				Høg	

Effektverdi	Konsekvensverdi	Matriseverdi
5	2	10

**Vurdering:** Tiltaket er vurdert som grøn

## Konklusjon

Tiltaket inneber ei større omorganisering av skulestrukturen i Sunnfjord kommune. Dette omfattar nedlegging av Førde barneskule og Flatene skule, flytting av barneskuleelevar til Slåtten og Halbrend, og samling av ungdomssteget frå Naustdal, Vassenden, Viksdalen og Halbrend på Hafstad ungdomsskule i sentrum.

Vi ser over at tiltaket er omfattande, både med tanke på økonomi, geografi og konsekvensar for elevar, tilsette og lokalsamfunn. Likevel ser vi at tiltaket vil gi stor økonomisk effekt gjennom stordriftsfordelar og reduserte investeringsbehov, og samstundes opne for nye og spennande moglegheiter for ungdomssteget i sentrum.

For lokalsamfunna på/i Naustdal, Vassenden og Viksdalen vil tiltaket vere av stor betydning. Samlinga av ungdomssteget kan gi meir robuste fagmiljø og breiare tilbod til elevane, men vi er også medvitne på at enkelte elevar vil få ein uforholdsmessig lang reiseveg. Dette kan påverke deira kvardag og læringsutbytte negativt, noko vi må ta på alvor.

På tross av utfordringane vurderer vi at tiltaket kan vere ei løysing på omstilling- og innsparingsbehovet, der vi i liten grad treng å redusere ramma for å komme i mål. Det balanserer behova for effektivisering og betre ressursutnytting med mål om å sikre kvalitet og moglegheiter for elevane i Sunnfjord kommune. Det endelege valet vil likevel krevje nøye vurdering av innspel frå høyringsprosessen og vidare planlegging.